

# **Framlegg til forskrift om vern av Hellebrekkene naturreservat, Tysvær kommune, Rogaland**

Fastsett ved kongeleg resolusjon .....med heimel i «Lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvalting av naturens mangfold» (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

## **§ 1. (føremål)**

Føremålet med naturreservatet er å verna eit lågliggende skogområde med vestleg, vindpåverka utkantførekost av furuskog på Haugalandet. Fattige furuskogtypar dominerer, med ein god del einerrik bjørkeskog og mindre innslag av svartorsumpskog og lågurtskog. I nord er det beiteskog, naturbeitemark og tilgrodde, einerrike stadia av tidlegare beiteskog. Skogen er middels gammal med daud ved, læger og gadd, av ulik nedbrytingsgrad. Einskilde eldre tre av furu og eik førekjem.

## **§ 2. (geografisk avgrensing)**

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr. 138/4, 145/21, 147/1, og 148/1.

Naturreservatet dekker eit totalareal på om lag 1166 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart skal oppbevarast i Tysvær kommune, hjå Fylkesmannen i Rogaland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

## **§ 3. (verneregler)**

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som er nemnde i føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerna planter og sopp inkludert lav eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetjing av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endra naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombels innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller andre koncentrerte ureiningar, plassering av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

## **§ 4. (generelle unntak fra vernereglane)**

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær og matsopp.
- b) Jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Beiting.
- d) Vedlikehald av eksisterande bygningar, vegar og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.

- e) Bålbranning med tørrkvist frå bakken eller med ved teken med inn i reservatet i samsvar med gjeldande lovverk.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel på land, medrekna landing og start med luftfartøy, er forbode.
- b) Utanom eksisterande vegar og stiar er bruk av sykkel, hest og kjerre samt riding forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak frå reglane om ferdsel)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, samt gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskjøring.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vera skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet før kjøring skjer.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvarets luftfartøy.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

- a) Avgrensa bruk av reservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- b) Istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- c) Tiltak i samband med forvalting av vilt og fisk.
- d) Rydding og vedlikehald av eksisterande stiar.
- e) Gjenoppføring av bygningar, anlegg eller innretningar som er gått tapt ved brann eller naturskade.
- f) Oppføring av gjerde i samband med beiting.
- g) Utsetjing av saltsteinar.
- h) Uttak av norsk gran og utanlandske bartre
- i) Naudsynt uttransport av felt hjort og elg med anna køyretøy enn nemnt i 6b.
- j) Naudsynt motorferdsel for aktivitetar etter § 4 d og § 7 b, c, e, f, g, og h.

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernet og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

#### **§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan setja i verk tiltak for å oppretthalda eller oppnå den natur- og kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

#### **§ 10. (forvaltningsplan)**

Det skal utarbeidast forvaltningsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalda nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

#### **§ 11. (forvaltingsstyresmakt)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal ha forvaltingsstyresmakta etter denne forskrifta.

**§ 12. (*ikraftsetjing*)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.